



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 12.06.2017

Vår ref.: 2017/3383

Arkivnr.: 631.0

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsfråsegn til forslag om ny generell del av læreplanverket for grunnsopplæringa

Eit samla Stortinget bad ved behandlinga av Meld St. 28 om at regjeringa skal sikre eit verdiløft i skolen gjennom betre innlemming av fellesverdiane i formålsparagrafen i alle fag og på alle nivå i skolen. Med utgangspunkt i dette er Fylkesmannen i Rogaland positiv til framlegget frå departementet, sjølv om vi gjerne skulle sett at dei grunnleggjande verdiane framleis vart «hogde» i eit eige dokument. Så ser vi også at det er gode grunnar for å samle verdigrunlaget og Prinsipp for opplæringa i eitt dokument: For sterkt fokus på læringsresultat har svekka merksemda mot det breie samfunnsmandatet til skolen i formålsparagrafen. Vi vonar at eitt dokument som opnar med formålsparagrafen og har namnet Overordna del, vil medverke til at samfunnsmandatet blir levandegjort kvar einaste dag for alle elevar. Vi meiner elles at tittelen bør endrast til «Overordna læreplan – verdiar og prinsipp» for å tydeleggjere at dokumentet nettopp er ein del av læreplanen.

Fylkesmannen i Rogaland reknar det som sjølvsagt at dokumentet vil liggje føre på begge målformer. Vi har elles desse merknadene til framlegget:

Forordet

I forordet er det nemnt at dokumentet også skal liggje til grunn for lærarutdanningane og vaksenopplæringa, og dette er etter vårt syn viktig. Men vi meiner det bør presiserast kva dette inneber. Det same gjeld for lærebedrifter og lærlingar.

Så er det etter Fylkesmannen i Rogaland sitt syn, ikkje rett å avgrense forskrifta mot friskolar slik det er foreslått i siste avsnittet. Det breie samfunnsmandatet må gjelde alle skolar i Noreg. Så kan enkelte friskolar eventuelt ha eit tillegg som omtalar eigenart og verdiar.

Formålsparagrafen og innleiingsorda i kap 1

Vi meiner det er rett å sitere formålsparagrafen i det dokumentet som er meint å utdjupe dei verdiane denne paragrafen slår fast. Så er vi usikre på om innleiingsorda til kvart underpunkt i kap 1 bør vere omskriving av dei sju punkta i formålsparagrafen. For å unngå mistydingar, og av respekt for ordlyden i formålsparagrafen, kan kvart punkt heller starte med den originale ordlyden, og så kan parafrasen innleie teksten i punktet.

Verdiar eller prinsipp

Fylkesmannen i Rogaland meiner grensa mellom verdiar og prinsipp er uklar i framlegget. Til dømes er «*Eit inkluderande læringsmiljø*» og «*Tilrettelegging for den enkelte elev*» plassert under 3. Prinsipp for skulen si praksis. Etter vårt syn er det som er omtalt i desse punkta, også uttrykk for grunnleggjande verdiar i norsk skole. Vi saknar synleggjering i kap 1 av sjølv verdifundamentet for utvikling av skolen i Noreg, vi har ein skole for alle barn. Dei to dimensjonane inkludering og tilrettelegging må poengterast som ein del av dette verdigrunnlaget. Etter vårt syn er dette så sentralt at det bør med i det første avsnittet i kap 1, etter tredje punktum (...er grunnlaget for vårt demokrati): *Alle barn har rett til å gå i den samme skolen og til å oppleve at de hører til i et fellesskap, der opplæringen er tilpasset deres behov.*

1.2 Kultur, identitet og mangfald

I framlegget er det peika på mangfald i kultur, språk og livssyn. Mangfald må omtalast breiare enn dette, m.a. må ulik funksjonsevne, familieforhold og kjønnsidentitet takast med.

Så vil Fylkesmannen i Rogaland understreke at begge dei norske målformene må omtalast konkret i dette punktet. Det er rett å markere mål knytte til samisk språk og kultur og til nasjonale minoritetar sitt bidrag til felles norsk kulturarv. Men også mål knytte til munnleg og skriftleg språk og språkutvikling for elevar med norsk hovudmål må vere med. Etter vårt syn må det vere tydeleg i denne forskrifta at alle elevar skal få opplæring i og om begge variantane av skriftspråket norsk. Også teiknspråk må nemnast i dette punktet.

1.4 Skaparglede, engasjement og utforskartrong

I forordet er det peika på at *Barnehagen og grunnopplæringen er deler av et felles opplæringsløp og bygger på et likt verdigrunnlag*, og i dette punktet blir det *de første leveårenes spontane lek* nemnt. Fylkesmannen i Rogaland meiner det er rett å ta med i dette punktet at det må sikrast god samanheng mellom barnehage og skole, og at leiken sin eigenverdi i barna si utvikling bør nemnast knytt til dette.

1.6 Demokrati og medverknad

I første avsnitt står det at *demokratiet er ei bærebjelke i samfunnet*. Fylkesmannen i Rogaland meiner at dette er å ta for lett på demokrati og medverknad som grunnleggjande verdiar som gjennomsyrrer samfunnet vårt. Denne setninga må etter vårt syn endrast til at *Demokratiet er fundamentet i samfunnet vårt*.

2.4 Grunnleggjande ferdigheiter

I samband med Kunnskapsløftet vart det semje om fem grunnleggjande ferdigheiter. Etter vårt syn bør det på nytt vurderast om sosial og emosjonell kompetanse bør takast med her. Både evalueringa av Kunnskapsløftet, Ludvigsen-utvalet og ny forskning viser at behovet for å styrkje den sosiale og emosjonelle kompetansen er viktig. Framlegget frå departementet held også fram dette i ulike punkt, både i kap 1, 2 og 3. Vi meiner likevel at å definere sosial og emosjonell kompetanse som ei grunnleggjande ferdigheit, vil medverke til at dette blir sterkare prioritert i skolekvardagen.

3.1 Tilrettelegging for den enkelte eleven

I siste avsnittet er samarbeidet mellom skole og heim omtalt. Etter Fylkesmannen i Rogaland si vurdering kan nokre av formuleringane her vere uheldige. Skolen skal sjølvstøtt vere tydeleg i dialogen med foreldra, men skolen må også respektere foreldreansvaret og kva det inneber for barna si opplæring. Vi meiner slik respekt må kome betre fram i dette punktet.

3.3 Profesjonsfellesskap og skoleutvikling

Det kjem godt fram i dette punktet at ein profesjonell fellesskap er ein føresetnad for god praksis, og at skoleleiinga må leggje til rette for dette. Etter vårt syn må det likevel tydeleggjerast at det er leiinga sitt ansvar å sikre nødvendig rom for og tid til at lærarane får reflektere saman om eigen praksis, slik at opplæringa blir til det beste for alle elevar.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Mannes
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 38
E-post: fmromma@fylkesmannen.no